

Stokstad og Nettet



gard og slekt

Knut Raastad, januar 2025



Stokstad midtre ca. 1912. Foto frå Ola Stokstad.

Øvre Stokstad

Stokstad var på 1600-talet to gardar, øvre og nedre. Øvre Stokstad vart ca. 1720 delt i to, nørdrø og midtre. Same tida vart nørdrø Nettet eit eige bruk ved at enkja på øvre Stokstad kjøpte bruket om tidlegare hadde tilhøyrd øvre Stokstad. Nørdrø Stokstad vart 1823 delt mellom to brø i det som nå blir kalla nørdrø og nistugu. Ein tredje bror vart husmann på Kvernhusaugen. Kvernhusaugen var husmannsbruk under nørdrø. Ca. 1900 kjøpte brukaren Kvernhusaugen til sjølveige, og i 1902 kjøpte han nistugu Stokstad og desse bruka vart dermed samanslege.

Nedre Stokstad

Nedre Stokstad har ikkje vore delt. Søre Stokstadnesset var husmannsbruk undre nedre Stokstad frå 1700-talet. På 1861 vart Stokstadnesset frådelt, men attkjøpt til Stokstad i 1872 og truleg brukt saman med Stokstad til 1905 da bruket vart seld.

Midtre Stokstad	side 4
Nørdrø Stokstad	side 8
Nistugu Stokstad	side 12
Nedre Stokstad	side 14
Stokstadnesset søre	side 18
Nørdrø Nettet	side 20
Sveaugen	side 25

På 1970- og 1980-talet vart det samla opplysningar til gards- og slekts historie ved avskrifter av tingbøker samt systematisering av familiar frå kyrkjebøker og folketeljingar. Dette er tilgjengeleg på Opplandsarkivet avd. Vågå i Ullinsvin. Ved å bruke dette samt digitale grunnbøker, folketeljingar og kyrkjebøker kan ein setja saman opplysningar for kvar gard. Tinglysingar og skifter er mest knytte til matrikulerte bruk og i tidleg tid var det ikkje mange husmannsplassar. Mange har gjort ein del arbeid med systematisering av slekter, nemnast kan Pål Øystein Kvarberg som skreiv om slekter i Vågå og Lom. Det andre har funne kan brukast i staden for å gå til primærkjelder.

Namn på plassar og personar kan ha hatt ulike skrivemåtar, og det er i denne framstillinga ikkje brukt noko konsekvent rettskriving. Alder og fødselsår kan i kjeldene vera oppgjeve berre omtrentleg, dette fører til at årstal ikkje alltid er nøyaktige og dette er ikkje alltid forsøkt sjekka mot andre kjelder. Ellers vil det vera ein god del manglar om personar, meir undersøking av kjelder vil gje meir informasjon. Det er ønskje om å få attendemelding om feil og manglar.

Stokstad øvre

I 1590 pantsatte Eirik Øysteinsson på Stokstad 2 huder landskyld i odelsgarden sin.

Skattelister frå 1610 viser at Nils var brukar av den eine Stokstadgarden. Frå 1614 var brukaren Olluff, men litt vekselvis med Nils.

Farsnamn og eigarfordeling i 1668 tyder at brukaren på øvre Stokstad tidleg på 1600-talet heitte Ola. Han hadde 5 barn:

Tore f.ca.1600 d.ca.1668, neste brukar

Jesper

Knut

Guri

Gunhild

Koppskatten 1645 nemner Thorre Stochestad og han hustru. Tore Olsen f.ca.1600 d.ca.1668 brukte i 1666 3 huder i Stokstad. I 1668 går det fram at Thoer Stochestad brukte 3 huder, av dette eigde han 1 hud 1 ½ skinn, Jesper Dombaas 9 skinn, Knud Olsen 9 skinn og Gunild Olsdotter 4 ½ skinn. Men ved skifte same året står det at jordgodset i øvre Stokstad var 2 huder 7 ½ skinn slik at da har Tore også overteke det brørne hadde. Thord Olsen var gift med Kari Gundersdotter, dei hadde truleg ikkje barn.

Det ser ut til at syskjena Jesper, Knut, Guri og Gunhild overtok Stokstad ved skifte etter broren Thore i 1668. I 1671 kjøpte Jesper og Knut Stokstad 2 skinn ½ fetling i Stokstad som Johannes Roeseles hadde fått utlagt i skifte etter Thore. Knut Stokstad kjøpte i 1671 det som systera Guri eigde i Stokstad. Jesper Olufsen kjøpte i 1674 5 skinn 1 fetling odelsgods i Stokstad frå Guri og Gunhild Olufsdtr. Samtidig kjøpte han 6 skinn frå broren Knut for 30 rd. Jesper hadde sonen

Steener d.ca.1710, neste brukar

Steener Jespersen var gift med Kari Steenersdotter d.ca.1692 frå nedre Stokstad, ved skifte i 1692 var dei eigarar av heile øvre Stokstad 3 huder. Steener og Kari hadde 3 barn:

Oluf d.før 1710

Halfoor d.ca.1729, neste brukar

Kari

Steener vart gift på nytt med Golaug Erlandsdotter som stod som brukar i 1711. Golaug fekk skilt ut Nettet før 1719 og flytta dit, stesonen Halvor overtok halvdeen av øvre Stokstad.

Steener og Golloe hadde 5 barn:

Pofuel

Erland

Oluf f.ca.1700 d.1772, til Nettet

Hans

Synnef

Midtre Stokstad

I 1723 var brukarar på øvre Stokstad Halvor Stenersen og Anders Olsen, eigarar var Arnolde Defines arvingar. Halvor og Anders fekk i 1720 bygsel frå Catarina Osea de fine på 1 ½ hud kvar. Det ser ut til at det er frå denne tida at øvre Stokstad vart delt i to, nørdrre og midtre Stokstad. Halvor Stenersen overtok det som vart midte, han var gift med Beret Erlandsdotter, dei hadde 4 barn:

Steener f.ca.1716 d.1797, seinare brukar

Ole f.ca.1720

Erland f.ca.1724

Kari f.ca.1727

Enkja Berit Erlandsdotter vart gift på nytt med Erik Olsen, han hadde sonen Lars Eriksen.

I 1731 var det skjøte på 1 ½ hud i Stokstad frå Hr. Arnold de fines etterleverske Catharina Oshia til Erich Olsen for 225 rd., truleg var dette midtre Stokstad. (Anders Olsen kjøpte samtidig 1 ½ hud for 225 rd., dette var da nørdrre Stokstad.) Unntak ved salget var plassen Næs som ikkje er skyldlagt og tidlegare seld til Guloug Erlandsdotter. Grunnboka 1785-1864 viser at løpenummer 80 midtre Stokstad 1 ½ hud inkluderte Nettet 3 skinn. Erik Olsen vart nemnd som Øvsteng da han kjøpte Øvsteng i 1727, i 1732 vart han kalla Erik Olsen Stokstad da han selde Øvsteng. Som nemnd var Erik gift med Beret Erlandsdotter som var enkje etter Halvor Stenersen.

I 1732 selde Anders Olsen og Erick Olsen heile Stokstad 3 huder til Ole Iversen Kleppe for 455 rd.

I 1747 selde og skjøta Ole Iversen Mo halvdelen av øvre Stokstad 1 ½ huder til Steener Halvorsen, Steener lånte 225 rd. av Knut Iversen Kleppe. Steener Halvorsen f.ca.1716 d.1797 vart 1741 gift med Thore Guttormsdotter, kanskje vart han gift på nytt med Eldri Siversdotter. Stener hadde truleg 4 barn:

Guttorm f.1742, neste brukar

Brit f.1746

Hans f.1754

Erland f.1758

I 1766 var det skjøte frå Steener Halvorsen på øvre Stokstad 1 ½ hud til sonen Guttorm Stenersen mot at han betalte gjelda 666 rd. til Johannes Guttormsen Kjæstad. Guttorm Stenersen vart 1766 gift med Guri Olsdotter. Dei hadde 3 barn:

Stener f.1767

Ole 1770-1770

Ole f.1771

I 1771 selde og skjøta Guttorm Stenersen øvre Stokstad 1 ½ hud til arvingane etter Johannes Kjæstad for 821 rd. som tilsvara pantebrevet.

I 1780 var det skjøte på Stokstad 1 ½ hud for 720 rd. til Ole Joensen frå arvingane etter Johannes Kjæstad, nemleg enkja Thore Sevaldsdr., Ellev Johansen Kjæstad og Halvor Ofixboe. Skifte i 1793 viser at Ole Jonsen hadde syskjena Mads (hadde sønnene Jon f.ca.1740 og Hans), Hans, Jon (hadde barna Jon f.ca.1757, Ole, Knut f.ca.1765 og Marit), Rønnoug (hadde barna Jon Hansen Storvig f.ca.1745, Knut f.ca.1747, Christen f.ca.1750, Marit) og Marit (hadde sonen Aslak Amundsen f.ca.1745). Dette viser at Ole Jonsen f.ca.1718 d.ca.1793 var frå nordgard Storvik son til Jon Knutsen Holbø f.ca.1665 d.1745 og Marit Madsdr. Storvik n. f.1687.

I 1794 vart det halde auksjon over Stokstad 1 ½ hud, Gudbrand Toresen Steine vart kjøparen med høgste bod 652 rd.

I 1795 selde og skjøta Gudbrand Steine garden Stokkestad 1 ½ hud til sersjant Ole Jonsen Hoel for 720 rd. Korporal Ole Jonsen f.ca.1760 d.1835 vart 1791 gift med Ragnhild Jonsdotter f.ca.1769 d.1793, dei hadde 1 barn:

Rønnoug 1792-1879, neste brukar

Rønnaug vart 1810 gift med Tore Larsen f.ca.1779 d.1835. Tore og Rønnaug vart nemnde som gardfolk i 1815, 1817, 1826 og 1830, medan dei i 1819 og 1823 stod som inderstar. Rønnaug var i 1865 enkje og føderådscone i Nylykkja. Tore og Rønnaug hadde 7 barn:

Ole f.1810

Lars f.1815

Lars 1817-1884, nemnd som ungkar da han døyde

Jon f.1819

Thore f.1823, g.m. Imbjør Thorsdr. Bjørnstad f.ca.1828, til Steinarlykkja og Nylykkja
Johannes f.1826

Kari f.1830

I 1835 var det auksjon over midtre Stokstad, Thor Andersen Svee hadde høgste bodet 1315 Spd og fekk tilslaget.

I 1842 var det skjøte frå Thor Andersen til Peder Tjøstolsen Kleppe for 1000 spd. Peder og familien har kome til Stokstad tidlegare for ved barnefødsler er det nemnd Stokstad frå 1839, medan Peder i 1835 var føderådsmann på Kleppe. I 1842 vart det nemnd ein Peder Stokstadlykkja som kan vera Peder Tjøstolsen, dette kan tyde på at husa da stod i baksida. Der Ola Stokstad har hus i solsida ovanfor Sjørdalsvegen er nemnd med namnet Gammelheimen, det gamle tunet kan ha stått der. Peder Tjøstolsen 1783-1859 vart 1804 gift med Aasøe Jonsdotter Mo 1782-1826, dei var brukarar på sygard Kleppe. Peder og Aase hadde 2 barn:

Ole 1804-1878, g.m. Gunhild Øysteinsdr. Kvarberg u. 1799-1894. På Kleppe s.

Jon 1817-1891, ugift

Peder vart 1833 gift på nytt med Anne Hansdotter Stokstadnesset 1811-1876 dotter til Hans Olsen Næsset f.ca.1860 d.1842 og Torø Ingebretsdtr. f.ca.1774 d.1861. Peder og Ane hadde 7 barn:

Marit 1832-1876, g.m. Knut Nyløkkehaugen 1830-1918

John 1835-1876, g.m. Rønnaug Hansdotter 1835-1914, til Hanslykkja/Stokstadlykkja.

Paul 1839-1931, g.m. Guri Hansdtr. Sveahaugen 1825-1924. Til Nord-Dakota

Anders 1843-1924, g.m. Ymbjør Andersdtr. Holbøeige Sveen 1839-1898. Til Nord-Dakota

Anne 1848-1849

Anne 1850-1944 g.m. Hans Paulsen 1853-1936. På Storviksøygarden. Til Nord-Dakota

Hans 1857-1858

I 1865 vart enkja Anne Hansdotter nemnd i Stokstadlykkja som føderådscone og brukar av eit jordstykke. Ho vart 1866 gift på nytt med Martin Gundersen Trøstakerløyken, Ringebu f.1821 son til Gunder Eriksen, i 1875 budde Anne og Martin hjå dotter hennar på Storviksøygarden.

I 1852 var det skjøte på midtre Stokstad frå Peder Tjøstolsen til Fredrik Frederiksen for 1300 spd. Frederik Frederik Viborg Sili, Lesja f.ca.1824 d.1894 var son til Fredrik Nikolai Andersen Sili 1791-1847 og Anne Jakobsdtr. Bjøkne n. 1796-1833. Frederik vart 1850 gift med Gunhild Iversdotter Blessum f.ca.1812 d.1860, dei hadde ikkje barn. Frederik vart 1861 gift på nytt med Ragnhild Knutsdotter Næsset f.ca.1834 d.1903 dotter til Knut Svendsen Næsset. Frederik og Ragnhild hadde 2 barn:

Gunild f.1861

Anne f.1867

Steinalykkja med ein skogteig og lykkje ved Nylykkja vart skyldsett som l.no. 146 b i 1861 med skjøte frå Frederik Frederiksen til Tore Toresen for 100 rd.

Vomteigen gnr. 146 bnr. 7 vart makeskifta i 1868 slik at Frederik Frederiksen fekk skjøte frå Syver Olsen, dette har seinare følgd nørdrø Stokstad. Syver overtok samtidig neristuteigen gnr. 145 bnr. 3.

Brennhaug l.n. 146 c gnr. 145 bnr. 6 vart frådelt frå midtre Stokstad gnr. 145 bnr. 4 i 1867. I 1865 budde Frederik Frederiksen og familien på denne eigedommen. Dette har seinare følgd nørdrø Stokstad.

I 1867 var det skjøte på Stokstad frå Frederik Frederiksen til Syver Olsen for 2000 Spd. Men Syver var kome der før og vart nemnd som gardbrukar og sjølveigar der i 1865, og da han gifta seg i 1861 vart han nemnd som Stokstad. I Norske gardsbruk står det at han kjøpte Stokstad i 1861. Syver Olsen Klonas f.1829 var son til Ole Syversen Klonas 1788-1878 og Ingebjørg Syversdtr. Lunde sys. 1799-1881, i 1865 var dei føderådsfolk på Stokstad. Også syster til Syver, Mari Olsdtr. 1832-1895 budde på Stokstad i 1865. Syver var gift med Ragnhild Olsdotter Austrem n. f.1832 dotter til Ole Olsen 1792-1878 og Marit Eriksdtr. Helle 1794-1858. Syver og Ragnhild hadde 1 barn:

Ola f.1861, neste brukar

Ola Stokstad overtok i 1894. Han vart 1894 gift med Anne Mohn f.1863 dotter til Arne Olsen Moen 1825-1896 og Marit Larsdtr. Lundeeie f.1835. Ola og Anne hadde 5 barn:

Ragnhild f.1894, g.m. Tor Holbø s.
Marit f.1898
Ingeborg f.1900
Sigurd f.1904, neste brukar
Anna f.1908, g.m. Jens Ljøsne

Sigurd Stokstad overtok i 1950. Han vart 1939 gift med Maria Andvord Austrem n f.1916 dotter til Ole Paulsen Andvord 1861-1918 og Anna Olsdtr. Ekre, Heidal f.1876. Sigurd og Maria hadde 4 barn:

Åse 1939-2022, neste eigar
Aud f.1942, g.m. Erik Sve Bjørndal
Liv f.1944, g.m. Oddbjørn Kluften
Ola f.1949

Aase Andvord Stokstad vart 1959 gift med Syver Visdal f.1935 son til John Visdal og Hanna Bakken. Aase og Syver overtok i 1970. Syver var fyrst eigar og brukar av nigard Visdal, familien flytta til Stokstad i 1963. Aase og Syver har 6 barn:

Hanna f.1959, var sbm Kjetil Villa f.1959
Marit f.1960, var g.m. Kjell Mikalsen, sbm Kjetil Braaten
Jorunn f.1962, g.m. Stein Roger Moen
Svanhild f.1963, g.m. Hans Ivar Kolden
Erik f.1966, neste eigar
Eva f.1968, sbm Frode Thøring

Erik overok i 1995.

Nylykkja gnr. 145 bnr. 9 vart frådelt frå gnr. 145 bnr. 4 i 1907 med skjøte til Anton O Teigen for kr 1200.

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slektar i Vågå og Lom, slektene på Kleppe mm.
Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.
Norske gardsbruk 1953-1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.
Jakup Skjedsvoll: epost om øvre Stokstad på 1660-talet

Nørdre Stokstad

(nå delt i nørdre og nistugu)

I 1723 var brukarar på øvre Stokstad Halvor Stenersen og Anders Olsen, eigarar var Arnolde Defines arvingar. Halvor og Anders fekk i 1720 bygsel frå Catarina Osea de fine på 1 ½ hud kvar. Det ser ut til at det er frå denne tida at øvre Stokstad vart delt i to, nørdre og midtre Stokstad. I 1731 var det skjøte på 1 ½ hud i Stokstad frå Hr. Arnold de fines etterleverske Catharina Oshia til Anders Olsen for 225 rd., dette var truleg nørdre Stokstad. Erich Olsen kjøpte samtidig 1 ½ hud for 225 rd. som da var midtre Stokstad. Unntak ved salget var plassen Næs som ikkje er skyldlagt og tidlegare seld til Guloug Erlandsdotter. Grunnboka 1785-1864 viser at løpenummer 80 nordre Stokstad 1 ½ hud inkluderte Nettet 3 skinn.

I 1732 selde Anders Olsen og Erick Olsen heile Stokstad 3 huder til Ole Iversen Kleppe for 455 rd. Anders Olsen hadde sonen

Poul, neste brukar

I 1743 selde og skjøta Ole Iversen Mo garden øvre Stokstad til Poul Andersen Stochestad for 285 rd., det går fram av skifte i 1770 at Poul eigde halve Stokstad 1 ½ hud. Poul Andersen var gift med Ingebor Pedersdotter Svare d.ca.1770, dei hadde 9 barn:

Anders f.ca.1744

Peder f.ca.1746

Rønnoug f.ca.1746

Rønnoug f.ca.1749

Brit f.ca.1751

Lars f.ca.1753, neste brukar

Ole f.ca.1754

Poul f.ca.1756

Peder f.ca.1764

I 1774 skjøta Poul Andersen Stokstad garden sin nori-stuen øvre Stokstad til sonen Lars Poulsen. Lars Paulsen var også eigar i 1801 da det vart tinglese panteobligasjon for gjeld 599 rd. til Iver Torsen Haagenstad. Lars vart 1783 gift med Imbjør Pedersdotter f.ca.1761 d.1831. Lars og Imbjør hadde 10 barn:

Imbjør f.1783

Poul 1785-1836, neste brukar

Peder f.ca.1786, seinare brukar

Anders 1788-1876

Ole f.ca.1791, g.m. Ann Eriksdtr. Skjedsvold f.ca.1790 d.1871, til Kvernhushaugen

Barbra f.1791 d.før 1801

Marit f.1794, g.m. Christen Teigplads

Rønnaug f.ca.1795

Barbra f.1796, g.m. Jacob Løkken

Anne f.1801, ugift i 1836

I 1812 var det skjøte på Stokkestad 1 ½ hud frå Lars Poulsen til eldste sonen Poul Larsen for 1000 rd. Poul Larsen vart 1812 gift med Mari Hansdotter Stade n. f.ca.1790 d.1846 dotter til Hans Knutsen Stade 1751-1823 og Ingrid Christoffersdotter Storvik m. 1760-1825. Poul og Mari hadde 4 barn:

Imbjør 1813-1877, g.m. Ole Johansen Bolstadløkken f.ca.1804

Ingri f.1815

Barbara 1820-1890, g.m. Ener Enersen Skurdal f.1842. Til Barbrostugu på Lalm.

Lars f.1824, g.m. Anne Erlandsdotter Sveen s. f.1829. til Sveen.

I 1823 var det skjøte frå Poul Larsen til broren Peder Larsen på halvvdelen av garden hans 7 ½ skinn, slik at frå det tidspunktet vart nørdre Stokstad delt.

Stokstad nørdre

Nordre neristuen 145 a

I 1841 var det Iver Andersen som var med i eit forlik så da må han ha overteke. Skifte etter Poul Larsen i 1836 nemnde kjøpesum av garden på 220 Spd., så det var kanskje overdragingstidspunktet. Iver Andersen Sve 1802-1880 var son til Anders Iversen Blessum Sve 1751-1833 og Kari Tordsdtr. Sve 1766-1862. Iver vart 1832 gift med Kari Amundsdotter Sandbu, Fron 1804-1886 dotter til Amund Sanbu, Fron. I 1865 var Iver gardbrukar på Uleberg. Iver og Kari hadde 3 barn:

Kari f.ca.1832, g.m. Hans Olsen Østrem f.1835

Anders 1836-1917, g.m. Barbro Knutsdtr. Rusnes 1832-1917, til Uleberg og Rusnes

Thor f.ca.1843

I 1858 var det skjøte frå Iver Andersen til Frederik Frederiksen for 1000 Spd. Frederik Frederiksen Viborg Sili, Lesja 1823-1894 var son til Fredrik Nikolai Andersen Sili 1791-1847 og Anne Jakobsdtr. Bjøkne n. 1796-1833. Frederik vart 1850 gift med Gunhild Iversdotter Blessum f.ca.1812 d.1860, dei hadde ikkje barn. Frederik var eigar av midtre Stokstad 1852 til 1867. Frederik vart 1861 gift på nytt med Ragnhild Knutsdotter Næset 1833-1903 dotter til Knut Svendsen Næset. Frederik og Ragnhild hadde 2 barn:

Gunild 1861-1955, neste brukar

Anne f.1867

Ved barnefødsjar frå 1860 til 1866 var Ole Frederiksen Viborg Sili 1821-1898 gardbrukar på Stokstad nordre neristuen, familien kom til Vågå ca.1858. Truleg har Ole leigd nørdre Stokstad av broren til Frederik selde midtre Stokstad i 1867. Familien reiste til Amerika i 1868. Ole Frederiksen var gift med Jøda Eriksdotter Hogsten/Holåk, Lesja f.1828-1917, dei hadde 7 barn:

Mathias 1853-1854

Anne f.1855

Marit f.1857
Oline f.1860
Frederik Nicolai Viborg 1862-1862
Frederik Elias Viborg f.1863
Mari f.1866

I 1896 var det føderådskontrakt på gnr. 145 bnr. 1, 6 og 7 verdsett til kr 1500 frå Paul Paulsen Mo til Ragnhild Knutsdotter Stokstad. Paul 1865-1945 var son til Pål Johannessen Mo 1826-1903 og Kari Pålstr. Tolstad 1828-1901. Han var gift med Gunhild Fredriksdotter Stokstad 1861-1955. Gunhild og Pål hadde 3 barn:

Anne f.1893 d.før 1900
Kari f.1897 d.før 1900
Asmund 1899-1973, neste brukar

Asmund var gift med Anne Ivarsdotter Aasen 1895-1978 dotter til Ivar Ingebretsen Aasen nedre f.1862 og Rennei Olsdr. f.1866. Asmund og Anne hadde 2 barn:

Pål f.1924, neste brukar
Gudrun f.1929, ugift

Pål Stokstad vart 1949 gift med Ragna Groven f.1927 dotter til Johannes Runningen og Anne Groven. Pål og Ragna hadde 3 barn:

Asbjørn Jarle f.1949, neste brukar
Arve f.1952, g.m. Mona Ringen
Jan f.1959, sbm Anne Haugen

Asbjørn overtok i 1990. Han vart 1974 gift med Inger Marie Marstein, Lom f.1948 dotter til Nils Marstein f.1911 og Kari Sandviken f.1918. Asbjørn og Inger har 3 barn:

Unni f.1974
Anita f.1977
Kristin f.1979

Neristueteigen gnr. 145 bnr. 3 vart makeskifta i 1868 slik at Syver Olsen på midtre Stokstad fekk skjøte frå Frederik Fredriksen, Frederik overtok samtidig Vomteigen gnr. 145 bnr. 7.

Kjelder:
Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.
Norske gardsbruk 1953-1997
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Haugen – Kvernhusaugen

Ole Larsen var frå nørdrø Stokstad, bror til Paul og Peder som delte garden. Ved barnefødsler i 1824 og 1832 vart han nemnd som sjølveigar og gardmannsfolk, ved folketeljingar er dei nemnd som husmenn. I 1840 vart det tinglyst husmannsfeste, men det står at leiga starta i 1825. Ole Larsen f.ca.1791 d.1866 vart 1816 gift med Anne Eriksdotter Skjedsvold f.ca.1790 d.1871, i 1865 er dei nemnde som fråskilde. Ole og Anne hadde 5 barn:

Lars 1817-1893, neste brukar

Ole f.1820, g.m. Kari Madsdr. Sunde s. På Sunde s.

Erik f.1824

Anne f.1828

Ymbjør f.1832

Lars Olsen var gift med Gunhild Guttormsdotter 1824-1904 dotter til Imbiør d.y. Eriksdr. Helle 1802-1842 og Guttorm Olsen Aasaaren Råstad 1760-1844. Lars og Gunhild hadde 3 barn:

Kari f.1846, g.m. Iver Olsen Bø, Lesja f.1845. I Grytten i 1875.

Ole f.ca.1849 d.1928, neste brukar

Ingbjør f.ca.1856

Gnr. 145 bnr. 8 vart frådelt i 1904 frå Stokstad nørdrø neristuen gnr. 145 bnr. 1 med skjøte i 1905 frå Fredrik Fredriksens arvingar til Ole Larsen for kr 1000. I 1890 var det overdraging av husa frå Lars Olsen til sonen Ole Larsen. Ole Larsen vart 1877 gift med Ragnhild Thorsdotter Haugen / Sandbueie 1854-1948 dotter til Thor Johannesen Haugen. I 1894 vart dei nemnde i Randsverk og i 1900 på søre Vangen i Randsverk. Ole og Ragnhild hadde 9 barn:

Gunild 1878-1957, g.m. Nils Hansen Odden 1866-1911. Til Skottlien.

Thor f.1883

Hans f.1885

Anne f.1880

Ymbjør f.1887

Ragnhild f.1889

Lina f.1891

Marit f.1894

Ole f.1896

Ole Larsen kjøpte i 1902 Stokstad nørdrø uppistugu gnr. 145 bnr. 2 og dermed vart Kvernhusaugen slege saman med dette.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Stokstad nistugu

Det er uklårt kvifor dette nå har namnet nistugu, i skrift har dette vorte nemnd som oppistugu.

Nordre oppistuen 145 b

I 1823 var det skjøte frå Poul Larsen til broren Peder Larsen på halvvdelen av garden hans 7 ½ skinn for 200 Spd. Peder Larsen Stokkestad vart gift i Lom i 1817 med Anne Knutsdotter Garmo n. Peder og Anne hadde 7 barn:

Anne 1816-1830

Anne 1820-1821

Ingeborg f.1824

Knud f.1827

Lars f.1830

Anne f.1832

Rønnog f.1835

I 1838 var det skjøte frå Peder Larsen til jordmor Rønnaug Jonsdotter for 300 Spd. og i 1848 vart nordre Stokstad formelt delt i oppistuen og neristuen. Rønnaug Jonsdotter Storvik n. 1788-1864 vart 1813 gift med Jens Johannessen Lundeløkken 1773-1851. Rønnaug og Jens var ved barnefødsler 1818-1823 husmenn på Øjeie, i åra 1830-1835 vart dei nemnde i Jordmorstugu i Vågåmo. Ved skifte i 1851 vart Jens nemnd på Øy. Rønnaug og Jens hadde 5 barn:

Johannes f.1815, dampmaskinist i Trondhjem fj., seinare brukar

Jon f.1815, smed i Trondheim

Ingri f.1818

Rønnou Anne Henrike f.1820, neste brukar

Kari f.1823

Rønnaug Jonsdotter var i 1865 ugift gardbrukar og forpaktar.

I 1875 var Johannes Jensen Viborg gardbrukar om sommaren og maskinist ved dampsaga på Vardalsøren. Han var gift med Karen frå Tretten f.1824, dei hadde 1 barn:

Randine f.1857

Johannes hadde dottera

Klara f.1862, fødd i Melhus, på Ihlens skole i Trondheim i 1865

I 1900 var Stokstad nordre oppistugu forpakta av Knut Olsen Stokstad nedre f.1825. Han var gift med Mari Olsdotter f.1828 og saman med dei budde dei ugifte døtrene

Ragnhild f.1868

Mari f.1872

Rønnaug f.1875

I 1902 var det skjøte frå Karen Johannesdotter som sat i uskifta bu etter Johannes Jensen Viborg til Ole L Kvernhusaugen for kr 3500. Dermed vart Kvernhusaugen gnr. 145 bnr. 8 slege saman med Stokstad nørdrre uppistugu gnr. 145 bnr. 2. Bestefaren til Ole var frå nørdrre Stokstad og bror til Paul og Peder som delte garden fyrst på 1800-talet. Ole Larsen f.ca.1849 d.1928 vart 1877 gift med Ragnhild Thorsdotter Haugen / Sandbueie 1854-1948 dotter til Thor Johannesen Haugen. I 1894 vart dei nemnde i Randsverk og i 1900 på søre Vangen i Randsverk. Ole og Ragnhild hadde 9 barn:

Gunild 1878-1957, g.m. Nils Hansen Odden 1866-1911. Til Skottlien.

Thor f.1883

Hans f.1885

Anne f.1880, g.m. Anders Høystad f.1873

Ymbjør f.1887, g., flytta attende til Stokstad

Ragnhild f.1889 g. m. Ola O Sveen m. f.1889

Lina f.1891

Marit 1894-1970 g.m. Iver Sveahaugen f.1892

Ole 1896-1953, neste brukar

I 1931 var det skjøte på denne eigedommen gnr. 145 bnr. 2 samt gnr. 145 bnr. 8 Kvernhusaugen frå Ragnhild Stokstad som sat i uskifta bu etter Ole L Stokstad til sonen Ole O Stokstad for kr 4000 inkl. lausøyre kr 2500 samt føderåd verdsett til kr 2000, av kjøpesummen skulle kr 3000 betalast til dottera Marit og kr 500 til kvar av døtrene Gunhild og Ragnhild. Ola O Stokstad 1896-1953 var eigar til 1953.

Systemene til Ola, Marit Sveahaugen 1894-1970 og Gunhild Odden 1878-1957 var eigarar frå 1953 til 1958. Marit var gift med Iver Sveahaugen f.1892 som budde her på sine gamle dagar.

Eigar 1958 til 1986 var Svein Wahlquist, Nord-Fron f.1919 son til Harald S Wahlquist f.1890 og Mari Josten, Sel f.1892. Svein var gift med Kari Fossen f.1923 dotter til Anton Fossen 1883-1970 og Mari Skurdal 1890-1982.

Rolf Magne Sveen f.1964 overtok i 1986, han er son til Hans O Sveen f.1927 og Marit Fossen f.1928. Marit Fossen var syster til Kari Wahlquist. Hans O Sveen var son til Ragnhild Stokstad f.1889 frå her. Rolf Magne vart 1991 gift med Åse Myrhaug f.1969 dotter til Torolf Myrhaug f.1945 og Eldrid Spakrud f.1950. Rolf Magne og Åse har 3 barn:

Tor Henning f.1990

Even f.1992

Marit Ingebjørg f.1996

Husa stod tidlegare nedanfor Sjørdalsvegen på jordstykket som blir kalla Gammelnistugu.

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slektar i Vågå og Lom, slektene på Kleppe mm.

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Stokstad nedre

Olluff Stokstad betalte i 1606-07 3. årstake av 3 huder til kongen. Oluff betalte holding av 1 ½ hud krongods og 1 ½ hud bondegods i tidsrommet 1613-1623, i 1626-27 var det truleg enkja som betalte. Olluff er også nemnd i skattelister 1610-1625.

Brukar på Stokstad i 1645 var Haldor. Han betalte holding i åra 1634-1656. Halvor Olsen f.ca.1605 var i 1666 brukar av 3 huder, men truleg hadde sonen overteke før dette. I 1661 eigde kongen 1 ½ hud og prestbolet ½ hud. Halvor hadde sonen:

Steener f.ca.1640 d.ca.1713

Stener Halvorsen betalte fyrstebygsel i 1657-58. I 1667 fekk Steener Halduordsen skjøte frå kongen på 1 ½ hud med bygsel over 1 hud bondegods og ½ hud som tilhørde prestbolet. I 1668 eigde prestbolet ½ hud medan oppsitjaren Steener eigde det øvrige. Steener hadde overteke drifta etter faren i 1657/58 da han betalte fyrsrebygsel av krongods. Skifte i 1710 viser at Steener og kona var eigar av 2 ½ huder i Stokstad, truleg hadde prestbolet ½ hud. Ved skifte i 1713 var Steener eigar av 2 huder.

Steener Halfuorsen f.ca.1640 d.1713 var gift med Ingebor Pedersdotter d.ca.1697, dei hadde 5 barn:

Peder f.ca.1663 d.ca.1710, truleg hadde han tvillingar med Anne Eriksdr., ho vart 1713 forvist frå stiftet

Oluf f.ca.1665 d. mellom 1710 og 1713

Halfour d.ca.1715, neste brukar

Anders, soldat i 1710

Kari d.før 1697, g.m. Stener Jespersen øvre Stokstad d.ca.1710

Steener Halvorsen vart gift på nytt med Ingebor Ericksdotter d.ca.1710.

Halfour Steenersen vart nemnd som brukar saman med faren i 1711. Han vart dømd til livsvarig straffarbeid i jarn på Bremerholm ved København for ulydnad og vald mot far sin i 1713. Halvor hadde 4 barn:

Imbieur 1699-1781, gift 1740 med Ole Østensen Sandbu 1693-1758

Knut 1705-1789, neste brukar

Synnev, gift med Arne Schougen d.før 1740

Peder 1712-1773, gift 1741 med Ragnhild Kristensdr. 1719-1787, på Sveine

Iver Tostensen Kleppe fekk ca.1715 utlegg i nedre Stokstad på skifte etter Halvor Stenersen for 312 rd og 80 rd. til dei andre kreditorane tilsaman 393 rd.

I 1721 var det skjøte på Stokstad 2 ½ hud med bygsel over ½ hud som prestbolet eigde frå Iver Tostensen Kleppe til Ole Iversen Sandbu. Eigar og oppsitjar i 1723 var Ole Iversen.

Knut Halvorsen Stokstad 1705-1789 lånte i 1743 460 rd. frå Knut Iversen Kleppe for å løyse inn garden sin, han pantsette da nedre Stokstad. Knut og kona selde i 1776 føderåda si og flytte frå året etter. Knut var gift med Marit Andersdotter f.ca.1716 d.1795. Dei hadde 10 barn:

Ole Knutsen Stokstad 1739-1797, neste brukar

Anders 1742-1745

Marit 1745-1761

Anders f.1748, til Bråtå

Iver f.1751

Iver f.1754

Kari f.1757

Anne f.1760

Knut f.1763

Peder f.1766

Ole Knutsen Stokstad 1739-1797 fekk i 1769 skjøte frå faren på Stokstad 2 ½ hud med bygsel over ½ hud som tilhørde prestboletvart for 710 rd. Ole overtok lånet som far hans hadde hjå Knut Iversen Kleppe og som nå var overteke av arvingane etter Knut Kleppe, Thord Knutsen Kleppe og Ole Iversen Lunde. Ole vart gift 1767 med Ingri Olsdotter 1739-1801, ho var truleg frå øvre Bilben, dotter til Ole f. 1700 og Barbro Olsdr. 1702-1786. Ole og Ingri hadde 6 barn:

Guri f.1768

Knut Olsen Stokstad 1770-1856, neste brukar

Barbara f.1773

Marit f.1775

Ingri f.1780

Ole f.1782

I 1776 hadde panthavarane Thord Knutsen Kleppe og Ole Iversen Lunde overteke nedre Stokstad, og dei selde Stokstad 3 huder til Iver Friderichsen Breden for 1200 rd. Iver Friderichsen f.1748 var son til Fredrik Hansen Breden 1716-1784 og Marit Iversdr. Tofte, Sør-Fron 1724-1748. Iver Fredriksen var gift med Imbiør Olsdotter Kleppe s 1746-1811 dotter til Ola Pålsen Tolstad 1715-1774 og Ragnhild Tjøstolsdr. Kleppe f.1725 d.etter 1801.

Iver og Imbiør hadde 3 barn:

Fredrik f.1776, d.ca.1782

Ragnhild 1779-1861, g.m. Knut Eriksen Brimi

Mari 1781-1846, g.m. Ola Persen Nyrnes 1759-1843

Imbiør vart 1785 gift på nytt med Henning Rolvsen Garmo 1759-1830, dei hadde 2 barn:

Rolv 1786-1791

Marit 1788-1859, g.m. Torstein Torsteinsen Andvord Stamstad n. 1789-1816, g.2.m.

Erland Rasmussen Mallaug 1796-1886

I 1782 var det skifte etter Iver Friderichsen, og etter krav frå Iver Erlandsen og Iver Iversen Tofte vart Stokstad utlagt på tvangsauksjon i 1783. Tilslaget fekk Iver Iversen Tofte på vegne

av systersonen Iver Svendsen Isum som fekk skjøte i 1786 for 900 rd. Iver Svendsen var gift med Rønnoug Nilsdotter.

(Ragnhild f.ca.1786)???

(Dotter f.ca.1789)???

I 1787 selde Iver Svendsen garden nedre Stokstad med samtykke av kona til Ole Knutsen Bilben for 999 rd. Dermed kom han attende til Stokstad etter nokre år på øvre Bilben.

Knut Olsen Stokstad 1770-1856 fekk skjøte frå faren i 1795 på Stokstad 2 ½ huder for 700 rd.. Knut vart gift 1797 med Rønnaug Iversdotter Viste 1769-1808, dotter til Iver Olsen Sandbu u-s 1731-1802 og Marit Olsdotter Viste u 1745-1833. Knut og Rønnaug hadde 6 barn:

Ingrid Knutsdotter 1796-1869, gift med Iver Ingebretsen Aasen n f. ca. 1794

Ola Knutsen Stokstad 1799-1847, neste brukar

Ragnhild 1801-1801

Rønnaug 1801-1801

Iver Knutsen Stokstad 1802-1875, gift med Kari d.y. Thorsdotter Holbø 1807-1887. Til Ulsletten.

Hans Knutsen Stokstad 1805-1880, gift 1833 med Mari Thorsdotter Holbø/Snerle f. 1804, budde på Øiseie i 1857. Hans Knutsen g.2.1866 m. Mari Engebretsdotter Kviten 1806-1882, dei budde i Kvernhuset på Sandbu i 1865 og i Vassdokken i 1875.

Knut Olsen gifta seg opp att i 1809 med Kari Jonsdotter 1773-1844 og fekk 2 barn til:

Gudbrand Knutsen 1810-1876, g.1843 m. Mari Hansdotter Bjølstadeie (Djupdalen) f. 1817, dei rydda og bygde bruket Brånå i Skogbygda i Heidal, og i 1865 var dei husmenn der.

Rønnaug Knutsdotter 1814-1896, ugift, tenar på Helle 1865 og 1875, død på Helle

Ola Knutsen Stokstad 1799-1847 fekk i 1826 skjøte frå faren på Stokstad 3 huder der ½ hud tilhøyre prestbolet, kjøpesummen var 940 Spd. Ola vart 1826 gift med Kari Thorsdotter Holbø 1802-1862, dotter

til Thor Gudbrandsen Snerle 1770-1831 og Kari Pålsdotter Holbø 1779-1839 (tre brør gifta seg med tre systre frå Holbø). 8 barn:

Knut Olsen 1826-1912, neste brukar

Hans Olsen 1829-1894, gardbrukar Stokstadneset i 1865, ugift da han utvandra til Amerika i 1872. Budde i Pope County, gravlagt i Rolling. Dette kan vera Hans Stokstad som Ivar Kleiven nemner som målar. Han gjekk i lære hjå Rasmus Garmo, «Stokstadmålar».

Rønnaug Olsdotter f. 1829, gift 1862 med enkemann Anders Enersen Braaten f. 1831.

Anders var fyrst gift med Barbro Thorsdotter Holbø 1821-1857, dette må vera syster til Kari som vart svigermor hans i andre ekteskap, Rønnaug og Anders var gardbrukarar og sjølveigarar i Braaten ved Kongsrud i 1865, til Amerika i 1866, dei budde i Pope County
Kari Olsdotter f. 1834, utfløtt til Rennebu 1866

Ymbjør Olsdotter f. 1836, til Amerika 1867, gift 1871 med Johannes Torgersen (frå Øyer?)

Ole Olsen f. 1839-1872, til Amerika 1867, budde i Pope County

Paul Olsen 1841-1845

Iver Olsen 1845-1846

Knut Olsen 1826-1912 fekk i 1862 skjøte frå mora på Stokstad for 850 Spd. Knut var gift med Mari Olsdotter Prestgard 1828-1912, dotter til Ole Andersen Prestgard f.1770 og Berthe Olsdotter Øi f.1788. I 1900 var Knut og familien forpaktarar på Stokstad nørre oppstugu.

Knut og Mari hadde 8 barn:

Ole Knutsen Stokstad f. 1854, gift med Anne Pålsdotter Bjørnstad f. 1858, til USA i 1888.

Anne Knutsdotter 1857-1893, lærarinne

Pål Knutsen Stokstad 1861-1946, neste brukar

Kari Knutsdotter 1862-1942

Ola d.y. Knutsen Stokstad 1865-1897, kunstmålar, i USA, døydde i Oslo

Ragnhild Knutsdotter 1868-1947, lærarinne

Mari Knutsdotter 1872-1929, gift med Iver Olsen Mo 1870-1943, Smedmoen

Rønnaug Knutsdotter 1875-1954, gift 1904 med Mathias Pålsen Snerle 1877-1949

I 1890 fekk Vågå sparebank utlegg i bruksretten til Stokstad og Stokstadnesset. Frå 1886 og utover vart det tinglyst panteobligasjonar til John Zakariassen Næs, Luster, og i 1897 fekk han skjøte på Stokstad gnr. 146 bnr. 2 og Stokstadnesset bnr. 3 for kr 10000.

I 1900 var Hans Sveahaugen f.1832 forpaktar på Stokstad, samtidig var han føderådsmann på Sveahaugen. Hans Hansen Sveen var gift med Guri Iversdotter f.ca.1836. Hans og Guri hadde dottera Mari f.1862 som var gift med Paul Larsen Sveen f.1859 som var husmann truleg på Sveahaugen. Paul og Mari hadde 4 barn:

Hans f.1888

Ragnhild f.1890

Iver f.1892

Paul f.1896

Paul K Stokstad fekk skjøte i 1905 frå Johanne H Næs for kr 8000. Pål Knutsen Stokstad 1861-1946 vart 1897 gift med Kari Olsdotter Helle 1870-1948, i 1900 budde dei på Helle. Pål og Kari hadde 2 barn:

Ola Pålsen Stokstad 1900-1973

Mari Pålsdotter Stokstad 1906-1984

I 1930 var det skjøte frå P K Stokstad til sonen Ola P Stokstad for kr 18000 inkl. lausøyre kr 4000 samt føderåd. Systera Mari Stokstad overtok i 1934 med auksjonsskjøte for kr 11638, og med ny auksjonsskjøte i 1937 for kr 12350.

Gudmund Sanden kjøpte nedre Stokstad i 1950. Gudmund Sanden f.1927 var son til Jo Jukulen f.1882 og Anne Sveen f.1886. Gudmund vart 1948 gift med Birgit Dagali, Rauland f.1923 dotter til Ola Dagali og Ingebjørg Ragnhildseter. Gudmund kjøpte i 1955 Barlund og familien flytta dit. Gudmund og Birgit hadde 4 barn:

Ole f.1949, g.m. Hild-Randi Nilsen, Vestvågøy f.1952

Astrid f.1951, g.m. Odd Rindhølen

Ingrid f.1953, g.m. Kåre Aasheim

Jenny f.1954, g.m. Gunvald Johansen

Eigar frå 1955 var Knut Romsås, Ringebu 1915-2002. Knut var son til Emil Romsås f.1883 og Bastine Spangrud f.1886. Knut vart 1939 gift med Live Hove, Skjåk 1909-1994 dotter til Sevald Barlund f.1875 og Ragnhild Hove f.1886. Knut og Live hadde 2 barn:

Ragnhild f.1940, neste eigar
Egil 1943-1958

Ragnhild overtok etter faren som døydde i 2002. Ho vart 1968 gift med Anders Bjørge, Gausdal f.1942 son til Nils Bjørge f.1915 og Kari Austlid f.1914. Familien bur på Bjørge i Gausdal. Ragnhild og Anders har 3 barn:

Live f.1969, sbm. Arild Hermstad
Kjetil 1972-1991
Nils Erik f.1982

Dag Lindvig f.1962 overtok i 2011, familien bur på Gammel-Kleppe.

Kjelder:

Ivar Kleiven: I gamle daagaa
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.
Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.
Pål Øystein Kvarberg 2000: Slektar i Vågå og Lom
Ivar Teigum 2004: Bygdebok for Vågå og Sel, Band 2
Brev frå Mildred Torgersen
Bjørn Idar Granli: om Bilben
Norske gardsbruk 1953-1997

Stokstadnesset søre

Hans Olsen Nasset f.ca.1760 d.1842 vart nemnd på Nasset ved barnefødsel i 1792, i folketeljinga 1801 var han husmann under Stokstad. Det er ikkje kjend kven Hans fyrst var gift med, dei hadde 2 barn:

Anne f.ca.1789
Kari f.1792

Hans vart gift på nytt i 1796 med Torø Ingebretsdotter f.ca.1774 d.1861, også ho hadde vore gift før. Hans og Torø hadde 5 barn:

Ingri f.1797, g.m. Ole Storødegården
Ole f.1801, g.m. Berte
Hans f.1805

Anne 1811-1876, g.m. Peder Tjøstolvsen Kleppe 1783-1859. Til Stokstad m.
Johannes f.1817

Erik Paulsen var i 1865 husmann med jord på Nasset l.nr. 148. Erik Poulsen Stokkestadeiet f.ca.1801 d.1882 var utanom ekteskap son til Paul Eriksen (i hans 8. leiermål) og Imiør Syversdtr. Erik vart 1827 gift med Mali Olsdotter Øyseiet f.ca.1801 d.1868. Ved barnefødselar

var dei på Øyseiet og Lundeeie, og i 1842 på Næset. I 1865 sådde Erik ¼ tønne bygg og hadde 4 sauer og 6 geit på det som vart nemnd som Nasset, medan namnet Stokstadnesset vart brukt der sjølveigaren Hans Olsen budde frå 1862. Det er uklart om dette var på same bruket. Erik og Mali hadde 4 barn:

Ole f.1828

Ingbjør f.1831, g.m. Lars Andersen f.ca.1833, barna Anders f.ca.1860, Paul f.ca.1864

Gunild f.1834

Poul f.1842

I 1861 vart Nasset nedre løpenr. 148 b, gnr. 146 bnr. 3, frådelt frå nedre Stokstad. Hans Olsen Stokstad nedre 1829-1894 fekk i 1862 skjøte frå mora Mari Thorsdotter for 250 Spd. Hans var i 1865 gardbrukar på Stokstadnesset, han utvandra i 1872 til Amerika.

I 1872 var det skjøte frå Hans Olsen til broren Knut Olsen for 170 Spd. I 1875 budde Knut Hansen Ulen på Stokstadnesset som inderst, det vart sådd korn og poteter men det var ikkje dyr. Jorda vart truleg drivt saman med nedre Stokstad. Knut Hansen f.1843 var gift med Anne Johnsdotter f.1843, dei hadde 3 barn:

Marit f.1867

Hans f.1869

Ole f.1873

I 1897 fekk John Zakariassen Næs, Luster auksjonsskjøte på både Stokstadnesset og Stokstad.

Son til Knut Olsen Stokstad, Paul Knutsen Stokstad kjøpte att nedre Stokstad i 1905. Same året 1905 var det skjøte på Stokstadnesset frå Paul Knutsen til Ole Johannesen Sveen for kr 1500. Ole Johannessen Holbøje 1857-1938 son til Johannes Andersen vart 1887 gift med Ingrid Knutsdotter Kleppeje 1862-1953 dotter til Knut Olsen. Tidlegare var dei husmannsfolk i Sveen. Ole og Ingrid hadde 11 barn:

Johannes f.1885

Rannej f.1888, g.m. Jon Olsen Snerlebakken f.1880

Ragnhild 1890-1891

Knut 1892-1979, g.m. Agnes Karlsdr., Våler i Hedmark f.1893, hadde barna Trygve 1918-1981, Agna 1921-2009, Knut 1927-2011, Hedvig 1929-2005

Ragnhild f.1895

Mari f.1897

Iver f.1900

Anne f.1902

Barbro f.1905

Inga f.1908, g.m. Jakob Ulsletten

Oleanna 1911-1979, neste brukar

I 1922 var det skjøte frå Ole J Sveen Nasset til svigersonen Karsten Haug? for kr 6000. I 1929 var det tvangsauksjon og auksjonsskjøte til Ole J Nasset for kr 3000. I 1937 var det skjøte frå Ola og Ingeborg Nasset til svigersonen Ola Bakken for kr 3400 inkl. lausøyre kr 2000. Ola

Bakken 1916-1997 var son til Ivar Bakken og Anna Bø. Ola vart 1936 gift med Oleanna Nasset, dei hadde 2 barn:

Arne f.1939, neste eigar

Ivar f.1944

Arne Bakken overtok i 1974, han bur i Oppdal. Arne var gift med Brith Berg, Eidsvoll f.1942 dotter til Jonny Berg f.1919 og Ingrid Gresslien f.1922. Atne og Brith har 2 barn:

Eva f.1964, g.m. Martin Ishol

Line f.19720

Arne vart gift på nytt med Maj Eli Tørresdal, Oppdal f.1967 dotter til Oddvar Tørresdal, Røros f.1943 og Bjørg Solveig Sletten, Tynset f.1945. Arne og Maj Eli har 1 barn:

Stine f.1994

Husa har truleg vore flytte, for vest for tunet er det tomter som blir kalla Gammelheimen.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Nasset nørdre

Stokstadnesset Matr.n. 121 Løpenr. 147 gnr. 146 bnr. 1

Ved salg av øvre Stokstad i 1731 står det at dette var med unntak av plassen Næs som ikkje er skyldlagt og tidlegare seld til Guloug Erlandsdotter. Golaug Erlandsdotter var gift med Stener Jespersen øvre Stokstad, han hadde tidlegare vore gift med Kari Stenersdtr. Golaug stod som brukar på øvre Stokstad i 1711. I 1720 lånte ho 80 rd. av Iver Kleppe og sette da i pant plassen Nasset der ho budde. Grunnboka 1785-1864 viser at nørdre Stokstad 1 ½ hud og midtre Stokstad 1 ½ hud inkluderte Nasset 3 skinn i kvar gard, til saman 6 skinn.

Steener og Golloe hadde 5 barn:

Pofuel

Erland

Oluf f.ca.1700 d.1772, neste brukar

Hans

Synnef

I 1740 fekk Ole Stenersen skjøte på Nasset frå brørne sine Poul og Erland i samband med skifte etter mora. Iver Kleppe hadde hatt plassen som pant og Ole hadde innfridd dette. Ole hadde også betalt 45 rd. til brorsonen Stener Halvorsen som meinte å ha odelsrett, han var son til halvbroren Halvor. Stener Halvorsen budde på øvre Stokstad og dei vart også forlike om grensene mellom Stokstad og Nasset. Ole Stenersen vart 1740 gift med Gunild Bersvendsdotter Øyen f.ca.1712 d.1779. Ole og Gunild hadde 2 barn:

Stener f.1747 d.1812,neste brukar
Kari f.1759

Stener Olsen fekk i 1769 skjøte frå faren for 299 rd. på Næset, det går fram at skylda låg under garden Stokstad. Stener vart i 1770 gift med Marit Syversdotter f.ca.1730 d.1772, ho var truleg frå Veggum. Stener vart 1777 gift på nytt med Brith Povelsdotter f.ca.1754 d.1796. Stener og Brith hadde 10 barn:

Gunild f.1778
Imbjør f.1780, g.m. Tore Knudsen Sønstelien
Ole 1782-1835, neste brukar
Marit 1784-1868, g.m. Knut Knutsen Svarvarhaugen 1788-1866
(Jon f.ca.1785)
Rønnov f.1786, g.m. Iver Knudsen Hougen
Kari f.1788
Brith f.1790, g.m. Peder Simensen nørdrø Blessemeie f.ca.1790 d.1853. Til Krokum.
Synnev f.1792
Paul 1796-1796

I 1807 var det skjøte frå Stener Olsen til sonen Ole Stenersen på plassen Næset for 300 rd. samt føderåd til faren. Ole Stenersen 1782-1835 vart 1810 gift med Ragnil Siversdotter f.ca.1780 d.1854. Ole og Ragnild hadde 5 barn:

Gunild f.1811
Ole f.1814, neste brukar
Poul f.1819, seinare brukar
Anne f.1824
Ragnild f.1828, g.m. Jakob Olsen Sandbueie f.ca.1834. Til Krokum

Ole Stenersen selde og skjøta i 1835 gardeparten Stokstadnæset nytt matr.nr. 144 til sonen Ole Olsen for 300 Spd. Ole Olsen Næset hadde utanom ekteskap med Mari Enersdotter Braaten 2 barn:

Ole f.1847
Ener f.1850

I 1854 var det skjøte på (halvdelen?) frå Ole Olsen til broren Paul Olsen for 150 Spd. I 1854 var det føderådsbrev frå Paul Olsen til Ragnild Syversdotter og Ole Olsen. Paul Olsen Stokkestadnæset f.ca.1820 vart 1845 gift med Kari Enersdotter Braaten f.ca.1826 dotter til Ener Andersen Braaten 1798-1868 og Anne Olsdotter Austrem n. f.1797. I 1865 vart Paul Olsens oppbudsbu registrert, det året budde familien i Braaten. Paul og Kari hadde 6 barn:

Ole f.1847
Ragnild f.1850
Einar f.1853, seinare brukar
Anders f.1855, g.m. Anne Olsdotter. Jernbanearbeidar i 1875
Early John Blackwell f.1858

Anton f.1863

I 1865 var det auksjonsskjøte til Paul Haagenstad for 820 Spd. I 1865 var Thore Syversen f.ca.1836 gardbrukar og forpaktar på Stokstadnesset l.nr. 147. Thore Syversen Haagenstadeie f.ca.1831 d.1919 son til Syver Thoresen Haagenstadeie vart 1864 var gift med Anne Jonsdotter Bjølstadeie, Heidal f.ca.1836 d.1917 dotter til John Pedersen Bjølstadeie. Thore kjøpte i 1870 søre Haugen i Holongsøyen. Thore og Anne hadde 2 barn:

Syver 1873-1875

Mari f.1875

I 1869 var det odelsløysingsskjøte frå Paul Haagenstad til Ener Paulsen Næset for 620 Spd. Men i 1875 var det faren Poul som vart nemnd som gardbrukar og sjølveigar. Einar f.1853 var gift med Rønnaug Johannesdr. f.ca.1855, dei hadde dottera:

Kari f.1875

I 1877 var det auksjonsskjøte til Ole Steig for 620 Spd.

I 1883 var det skjøte på Stokstadnesset frå O Steigs bu til sersjant O Houg for kr 2600. Ole Hansen Haug 1846-1922 var son til Hans Olsen Helleløyken 1815-1899 og Kari Pålsdr. Kveen 1818-1913. Ole vart 1874 gift med Ragnhild Thorsdotter Myrum 1847-1919. Ved barnefødsel i 1886 budde familien på Nettet. Ole overok Haug i Vågåmo truleg ca. 1895 og i 1900 budde familien der. Ole og Ragnhild hadde 4 barn:

Kari 1875-1955

Hans 1879-1934

Thor 1882-1968, g.m. Charlotte Vindås 1876-1939

Mathias 1886-1886

I 1916 var det skjøte frå Ole Hansen Haug til Ole Knutsen Nettet for kr 3100 inkl. lausøyre kr 100. Ole 1855-1952 vart 1896 gift med Else Handotter Kulbotten 1873-1948 dotter til Hans Johannesen. Ole og Else hadde barna

Kristian f.1896

Anton f.1898

Pål f.1905

Hans

I 1935 var det skjøte frå Ole K Nettet og hustru Else til Paal O Nettet for kr 7000 inkl. lausøyre kr 3000. Pål vart 1945 gift med Gunhild Anrudhaugen, Vestre Gausdal f.1919, dei hadde 3 barn:

Elsa Margrethe f.1945

Karin Oddbjørg f.1947, g.m. Knut Berg, Sel f.1946

Aase Hildur f.1951, sbm. Åge Stenberg

Elsa, Karin og Aase overtok i 1974.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Steinarlykkja

Steinalykkja gnr. 145 bnr. 5 med ein skogteig og lykkje ved Nylykkja vart i 1860 frådelt frå Stokstad midtre gnr. 145 bnr. 4 med skjøte i 1861 frå Fredrik Fredriksen til Thore Thoresen for 100 spd.

Thore Thoresen f.ca.1824 var i 1865 husmann med jord i Nylykkja. For Steinarlykkja var han sjølveigar. Thore var frå midtre Stokstad son til Tore Larsen f.ca.1779 d.1835 og Rønnoug Jonsdtr. Stokstad 1792-1879.

I 1902 vart det tinglyst føderåd frå Paul I Svendstad til Karen Johannesdotter Mo. I 1916 var det auksjonsskjøte til Paul Svendstad for kr 800.

I 1917 var det skjøte frå Paul Svendstad til Peder Nystuen f.1873 for kr 1000.

I 1919 var det skjøte frå Peder Nystuen til Pål L Sveen for kr 1700. Dette betyr at dei bytte bruk ved at Peder kom til Sør-Sveen der Pål kom frå. Paul L Sveen 1859-1934 var frå Sør-Sveen son til Lars Paulsen Sveen f.1824 og Mari Iversdotter Ulsletten 1840-1908. Paul vart 1887 gift med Kari Jonsdotter Hageløkken 1865-1949 dotter til Jon Fredriksen. Paul og Kari hadde 3 barn:

Mari f.1887, hadde med Anton K Bråten sonen Kristian f.1919

Inga f.1901

Iver f.1908, neste brukar

Iver P Sveen fekk i 1938 auksjonsskjøte for kr 2140.

Kristian Sveen f.1919 overtok etter morbroren i 1944. Kristian var son til A. K. Bråten og Mari Sveen.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar mm.

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Nylykkja

I 1865 var John Johnsen f.ca.1826 husmann utan jord i Nylykkja.

Thore Thoresen f.ca.1824 var i 1865 husmann med jord i Nylykkja. Thore var frå midtre Stokstad son til Tore Larsen f.ca.1779 d.1835 og Rønnoug Jonsdr. Stokstad 1792-1879. Thore vart 1851 gift med Ingebjørg Thorsdotter Bjørnstad ø. f.ca.1829 dotter til Thor Erlandsen Bjørnstad. Thore og Imbjør hadde 2 barn:

Kari f.1851

Gunnild f.1858, til Amerika 1880

Nylykkja gnr. 145 bnr. 9 vart 1906 frådelt frå midtre Stokstad gnr. 145 bnr. 4 med skjøte i 1907 frå Syver Olsen Stokstad til Anton O Teigen for kr 1200. Anton 1877-1968 var son til Ola Teigen og Ågot Hagen. Anton vart 1901 gift med Marit S Granrud, dei hadde 7 barn:

Olaf

Ågot 1906-1996, neste eigar

Marit

Ragnhild

Kristine

Astrid

Solveig

I 1956 var det skjøte på Nylykkja frå Anton til dottera Aagot for kr 4000 inkl. lausøyre kr 2000 samt føderåd (overdraginga omfatta også gnr. 143 bnr. 2 Nysætra som vart kjøpt frå nordgard Kleppe i 1923, sætra vart seld til Øver-Åsen i 1978).

I følge Norske gardsbruk kjøpte Gudmund Sanden Nylykkja i 1954 av Ågot Nyløkken, men skjøte vart ikkje tinglyst før i 1985. Gudmund Sanden f.1927 var son til Jo Jukulen f.1882 og Anne Sveen f.1886. Gudmund vart 1948 gift med Birgit Dagali, Rauland f.1923 dotter til Ola Dagali og Ingebjørg Ragnhildseter. Gudmund og Birgit hadde også Barlund gnr. 147 bnr. 8 og familien budde der. Sonen Ole og svigerdottera Hild-Randi overtok Barlund og Nylykkja i 1991.

Hovde gnr. 145 bnr. 14 vart frådelt frå Nylykkja gnr. 145 bnr. 9 i 1953 med skjøte frå Anton Nyløkken til dottera Aagot Nyløkken for kr 1500 med rett for seljaren og hustru til å bu i hovudbygningen, dette var verdsett til kr 1000. Skjøte på Nylykkja i 1985 omfatta også bnr. 14, dermed vart Gudmund Sanden eigar også av Hovde. Gudmund og Birgit budde fyrst på Barlund og seinare på Hovde/Nylykkja.

Elisabeth Hagen f.1985 fekk heimel til Hovde gnr. 145 bnr. 14 i 2012.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Sveahaugen – Sveen under nedre Stokstad

Sveen under nedre Stokstad var ved folketeljinga 1875 ubebudd. Kari Olsdotter Sveahaugen f.1795 budde som inderst hjå Hans Knutsen Sveen under nørdrø Holbø, truleg var dette på Hagen som er nabobruket til Sveahaugen. Men Kari hadde føderåd på Stokstad.

Kari Olsdotter Sørumseie f.ca.1801 d.1882 vart 1824 gift med Hans Knutsen Kleppeie f.ca.1801 son til Knut Pedersen Bergum 1770-1850 og Guri Knutsdotter f.ca.1766. Hans og Kari var i 1865 føderådsfolk på Sveahaugen. Hans Knutsen Sveahaugen utvandra til Amerika i 1874. Ved barnefødsjar var dei på Sveahaugen frå 1835, i 1832 var dei på Bergum under Kleppe. Hans og Kari hadde 7 barn:

Guri 1825-1826

Guri f.ca.1826, neste brukar

Marit 1832-1848

Ole 1835-1863, g.m. Imbjør Knutsdtr. Sandbueie 1827-1863. Dei hade sonen Thor Olsen 1862-1863. Ole vart avretta.

Ymbjør f.1840

Kari f.1843

Anne f.1846

Paul Pedersen var i 1865 husmann med jord på søre Sveahaugen. Paul Pedersen Stokstad m. f.ca.1840 var son til Peder Tjøstelsen Stokstad m. Paul vart 1862 gift med Guri Hansdotter f.ca.1826, dei hadde 5 barn:

Peder f.c1860

Anton 1862-1866

Kari f.1864

Guri f.1868

Mari f.1871

Guri hadde også sonen

Hans Knutsen f.ca.1854, faren var Knut Olsen Kleppeie

Hans Hansen var i 1865 husmann med jord på nørdrø Sveahaugen, i 1880 var han på Stokstadeie som truleg er same plassen. Hans Sveahaugen f.1832 var i 1900 føderådsmann på Sveahaugen, samtidig forpakta han nedre Stokstad. Hans Hansen Stokstad 1832-1912 var son til Hans Knutsen Stokstad nedre 1805-1880 og Mari Thorsdotter Holbø/Snerle f. 1804. Hans Hansen Stokstad vart 1862 gift med Guri Iversdotter Kleppeie 1830-1919 dotter til Iver Knutsen Kleppeie. Hans Hansen Sveen var dreng på Stokstad nordre oppistuen i 1875, medan Guri var budeie på nordre Kleppe setra. Hans og Guri hadde 1 barn:

Mari 1862-1914, neste brukar

Mari Hansdotter Sveen f.1862 vart 1887 gift med Paul Larsen Randen Løkjeranden 1859-1944 son til Lars Jacobsen Løken nørdrø 1825-1915 og Ragnhild Hansdtr. Kleppeie Jukulen 1819-1881. Paul Sveahaugen fekk i 1894 arvefestebrev på Sveahaugen frå Knut Olsen Stokstad. I 1900 var Paul husmann med jord på Sveahaugen, familien budde der også i 1891. Sveahaugen gnr. 146 bnr. 4 vart frådelt frå nedre Stokstad i 1908 med skjøte frå Paul K Stokstad til Paul L Sveahaugen for kr 1800. I 1910 og 1920 vart bruket kalla Uppheim. Pål og Mari hadde 5 barn:

Hans 1888-1979, neste brukar

Ragnhild f.1890

Iver f.1892, g.m. Marit Stokstad nistugu 1894-1970

Paul 1896-1986, g.m. Ymbjør Lillehagen 1902-1979, til Dalestugu og Lillehagen

Gunhild 1904-1961

Hans overtok i 1922 med skjøte i 1944 frå Paul L Sveahaugen for kr 3500 inkl. lausøyre kr 1500 samt føderåd kr 2500.

Oddvar Grønli kjøpte Sveahaugen i 1962. Oddvar Grønli, Ålen i Sør-Trøndelag 1928-1979 var son til Ole Grønli f.1896 og Margrete P Storrønning f.1901. Oddvar vart 1954 gift med Gunvor Johansen, Ringebu f.1933 dotter til Morits Johansen f.1902 og Kristine Brandstadmoen f.1903. Oddvar og Gunvor hadde 4 barn:

Kirsten Margrethe f.1955, g.m. Einar Bekkemellem 1947-1996

Astrid f.1957, g.m. Ivar Turtum

Ole Morits f.1961, neste brukar

Åse f.1964, sbm. Arne Kvehaugen

Ole Morits fekk heimel til Sveahaugen i 2013.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker

Berget

I 1865 var Thor Knutsen f.ca.1830 husmann utan jord. Thor var gift med Anne Iversdotter f.ca.1835, dei hadde 3 barn:

Ragnild f.ca.1859

Ole f.ca.1861

Anne f.ca.1864

Berget har vore i slekta som bygselbruk frå 1934. Berget gnr. 145 bnr. 13 vart 1952 frådelt frå nørdrø Stokstad gnr. 145 bnr. 1. Gnr. 146 bnr. 19 vart overført frå nedre Stokstad gnr. 146 bnr. 2 i 1945.

Eigar 1952-1975 var Knut K Løken 1901-1990 son til Knut Løken og Kari Stadeløkken. Knut vart 1930 gift med Anne Brekken 1891-1974 dotter til Isak Brekken og Mari Helleløyken.

Knut og Anne hadde 2 barn:

Mari f.1932, g.m. Jo Øygarden f.1925

Kristian f.1934, neste eigar

Kristian overtok i 1975.

Rikard Øien f.1999 fekk heimel til eigdommen i 2021.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker

Seeiendom.no

Sveen nørðre, frå Stokstad

Sveen nørðre gnr. 146 bnr. 5 vart frådelt frå nedre Stokstad i 1922 med skjøte frå Paul K Stokstad til Anders O Sveen for kr 500. Dette var ei stugu nedanfor Sveahaugen med berre litt jord rundt. Anders Olsen Sveen f.1880 frå Me-Sveen var son til Ole H Sveen f.1855 og Mari Johannesdtr. Lauvrusten f.1855. Anders vart 1917 gift med Kari Andersdotter Bergdølmo, Heidal f.1892 dotter til Anders Rindhølen. I 1920 budde dei i Bråtåhaugsætra i Randsverk.

Anders og Kari hadde 2 barn:

Ole f.1913, døydde ung

Arne f.1919, neste eigar

I 1936 var det auksjonsskjøte til Arne A Sveen for kr 450.

I 1959 var det skjøte frå Arne A Sveen til Jon I Kobbersletten. Jon 1921-2004 var son til Ivar Kobbersletten f.1891 og Kari Knutsdotter Bråten ø. 1898-1980. Jon var gift med Mari Ramen d.1989.

Ola Rindhølen f.2000 fekk heimel til eigdommen i 2022.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker

Hans Even Hagen

Seeiendom.no

Nylykkjehaugen

Ole Johnsen f.ca.1798 var i 1865 og 1875 føderådsmann på Nylykkjehaugen. I 1857 vart det tinglyst kontrakt på husmannsrettar mellom eigaren av Stokstad nørdrre uppistugu og Ole Jonsen Nyløkken. Ole Jonsen Stokstadeiet vart 1823 gift med Ragnhild Knutsdotter Kleppeie f.ca.1788 d.1867. Ole og Ragnhild hadde 3 barn:

Thora f.1824

Knut 1827-1827

Knut 1830-1918, neste brukar

Knut Olsen Nyløkken vart 1854 gift med Marit Pedersdotter Stokstad 1832-1876 dotter til Peder Tjøstelsen Stokstad m. 1783-1859 og Anne Hansdr. Nettet 1811-1876. Ved barnefødsler vart Knut og Marit nemnde på nedre Stokstadeige i 1854 og 1857, seinare Stokstadeie og i 1876 Nyløkkehaugen der dei også var i 1865 og 1875. Folketeljinga 1865 viser at dette var under Stokstad nørdrre uppistugu (dvs. Nistugu). I 1900 var Knut husmann i Olderløkken. Knut og Marit hadde 8 barn:

Ole 1854-1854

Ole f.1857, g.m. Gunhild Sevaldsdr. Jacobstuen f.1854. Til Wisconsin USA

Anne 1860-1955, g.m. Johannes Iversen Kobbersletten 1858-1943.

Peder f.1863

Ragnhild f.1866

Mari f.1869

Anders f.1873, g.m. Mari Syversdr. Teigen f.1870. I Olderløkken i 1900.

John 1876-1879

I 1900 vart det tinglyst erklæring på at Mathias Olsen fekk bruke ei lykkje på Nylykkjehaugen.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker

Synnehaugen

Synnehaugen var ein husmannsplass som låg like vest for Berget på grunn til midtre Stokstad.

Erland Poulsen Stokkestad 1802-1864 vart 1828 gift med Kari Hansdotter Stokkestad 1795-1875 dotter til Hans Holshaugen. Kari var i 1865 føderådskone på Synnehaugen. Erland og Kari hadde 1 barn:

Ingeborg 1825-1914, neste brukar

Imbjør Erlandsdotter Stokstadeie 1825-1914 vart 1855 gift med Ole Olsen Kleivrudeie, Sel f.ca.1833 d.1900 son til Ole Pedersen Kleivrudeie. Ole Olsen var i 1865 husmann med jord på Synnehaugen under Stokstad l.nr. 146 (b) (Steinarlykkja eller midtre Stokstad). Ole og Imbjør hadde 5 barn:

Erland f.1856

Guri 1859-1860

Kari f.1861

Ole 1865-1865

Ole f.1869, g.m. Mari Olsdotter Svarttjernulen f.1859. Til Søremsbråten

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker

Hanslykkja / Stokstadlykkja

Hanslykkja låg i baksida like ovanfor midtre Stokstad.

Peder Tjøstolsen Kleppe 1783-1859 kjøpte midtre Stokstad i 1842. Peder og familien har kome til Stokstad tidlegare for ved barnefødsalar er det nemnd Stokstad frå 1839, medan Peder i 1835 var føderådsmann på Kleppe. I 1842 vart det nemnd ein Peder Stokstadlykkja som kan vera Peder Tjøstolsen, dette kan tyde på at husa da stod i baksida. Peder Tjøstolsen vart 1804 gift med Aasøe Jonsdotter Mo 1782-1826, dei var brukarar på sygard Kleppe. Peder og Aase hadde 2 barn:

Ole 1804-1878, g.m. Gunhild Øysteinsdtr. Kvarberg u. 1799-1894. På Kleppe s.

Jon 1817-1891, ugift

Peder vart 1833 gift på nytt med Anne Hansdotter Stokstadnesset 1811-1876 dotter til Hans Olsen Næsset f.ca.1860 d.1842 og Torø Ingebretsdtr. f.ca.1774 d.1861. Peder og Anne hadde 7 barn:

Marit 1832-1876, g.m. Knut Nyløkkehaugen 1830-1918

John 1835-1876, neste brukar

Paul 1839-1931, g.m. Guri Hansdtr. Sveahaugen 1825-1924. Til Nord-Dakota

Anders 1843-1924, g.m. Ymbjør Andersdtr. Holbøeige Sveen 1839-1898. Til Nord-Dakota

Anne 1848-1849

Anne 1850-1944 g.m. Hans Paulsen 1853-1936. På Storviksøygarden. Til Nord-Dakota

Hans 1857-1858

Peder Tjøstolsen selde midtre Stokstad i 1852. Det ser ut at dei kan ha teke att føderåd og burett like ovanfor dei andre husa på midtre Stokstad, for i 1865 vart enkja Anne Hansdotter nemnd i Stokstadlykkja som føderådskone og brukar av eit jordstykke under midtre Stokstad. Ho vart 1866 gift på nytt med Martin Gundersen Trøstakerløkken, Ringebu f.1821 son til Gunder Eriksen, i 1875 budde Anne og Martin hjå dotter hennar på Storviksøygarden.

Sonen John Pedersen budde i Stokstadlykkja i 1865, og han forpakta ei sæter som truleg var Brennsætra på Bringen. I 1875 var John og familien registrert i Hanslykkja som truleg er det same som Stokstadlykkja, men det står at dei budde på sætra. John vart 1858 gift med Rønnaug Hansdotter Plassen Skaarseige 1835-1914, dei hadde 5 barn:

Anne 1855-1948, g.m. Hans E Mo 1850-1945. Til Minnesota USA

Peder 1858-1882, til Minnesota

Hans 1863-1947, g.m. Sena Hanson 1870-1940, til Minnesota

Anders 1865-1957, g.m. Emma Mary Penning 1870-1927. Til Minnesota

Johanne 1876-1876

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker

Ola Næsteby: slektsoversikt Peder Tjøstolvsson Kleppe